

KONTAKTBLAD FOR

Nr.45 Mai 2014

HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlous jubileet:
*Tur til
Eidsvoll!*



*Ta ein kikk på
fornya nettsider*
www.hjartdalhistorielag.no

*Årsmøtereferat og
årsmelding 2013*

*Bli medlem
i Hjartdal
historielag!*

Sjå side 16



Åpent hus kvar onsdag

Frå april og fram til og med 18.juni, vil historielaget halde åpent for historieinteresserte på biblioteket kvar onsdag frå kl. 18:00 til ca.20:00.

Her kan ein komme for å prate, diskutere, studere materiell i samlinga og kanskje ikkje på bilde.

Medlemmer i historielaget vil sørge for å låse opp, koke kaffi mv.

Ta gjerne med ting som kan vere av interesse, gjerne også datautstyr, kamera o.l. for evt. kopiering eller anna arbeid på staden.

Vel møtt !



Tur til Eidsvoll

Søndag 22.juni arrangerar historielaget tur til Eidsvollsbygningen. Det blir servera 1814-lunsj på staden og vi får omvising i den nyoppussa bygningen.

Buss går frå Saulandstunet klokka 07.45 og vi har lagt inn ei lita pause på turen bortover. På heimturen legg vi inn ei matpause og er attende i Sauland i kveldinga.

Pris for buss, lunsj og omvising på Eidsvoll er 500 kr. for kvar enkelt. Middag/mat på tilbaketuren er ikkje med i prisen.

Turen er fulltegna nå, men det er god plass på ventelista

Påmelding til Torkel Hytta, 35023150, to-hy@online.no
eller Torgunn Opsal, 35023310, torgu-op@online.no

Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag

Møtet fann stad på Løvheim i Sau-land, onsdag 12.mars klokka 18.30. 30 medlemmer møtte. Torkel Hytta ønska alle velkommen og leda møtet.

Sak 1: Årsmelding (sjå side 5)

Torkel Hytta la fram styret si års-melding.

Kommentarar:

- Historielaget fekk ros for forslag sendt til Hjartdal kommune, om å frita freda bygningar for eige-domsskatt.
- Laget blei oppmoda om å påpeike overfor kommunen at vernever-dige bygningar kan kome til å stå og forfalle, dersom dei blir pålagt eigedomsskatt.

Deretter vart årsmeldinga einstem-mig godkjent.

Sak 2: Rekneskap.

Svein Bakkalia gjekk gjennom rekneskapet.

Kommentarar:

- Styret bør ta kontakt med ban-ken, for å flytte laget sine kontoor over på høgrentekonto.

Deretter vart rekneskapet einstem-mig godkjent.

Sak 3: Valg.

Leif Skoje la fram valgkomiteens forslag til nytt styre.

Svein Bakkalia vart einstemmig vald til ny leiar.

Nytt styre blir :

- Svein Bakkalia
- Borghild Hovde Brennekåsa
- Torkel Hytta
- Audun Solberg
- Torgunn Opsal
- Torkjell Tjønn

Vara til styret blir:

- Torkild H.Mosebø
- Torkel Gjerde

Valgkomite er

- Ivar T.Dahl
- Anne Tone Larsen
- Svein Erik Sletta

Alle valg var einstemmige.

På valg neste år:

- Svein Bakkalia
- Torgunn Opsal
- Torkjell Tjønn
- Torkild H. Mosebø

Resten av styret er vald for to år.

Styret konstituerar seg på første møte.



Torgunn Opsal takka Torkel Hytta for framifrå innsats for laget i meir enn tjuge år. Ho overrekte han ein rosmåla bolle frå styret.

Etter det heldt Torkel Sletta eit svært interessant kåseri om symbolbruk i folkekunsten.

Han hadde med seg brodera skjorte-kravar, søljer o.a. der desse symbola kom fram.

Leif Skoje har jobba med ny heimeside for Hjartdal historielag. Han viste korleis den kan brukast og oppfordra folk til å være aktive på heimesida.



Forslag til vedtekter for fond til kulturminnevern.

Styret har opprettet eit fond for kulturminnevern i kommunen. Fondet er på 25000 kr. og er tenkt bruka som ei handsrekning til personar i kommunen som jobbar for å bevare ulike former for kulturminne.

Torkel Hytta la fram forslag til vedtekter for fondet.

- 1) Formålet med fondet er å gje økonomisk stønad til vern av ulike former for kulturminner i Hjartdal kommune. Også informasjon og spreiling av kunnskap om kulturminner kan få tildeling frå fondet.



- 2) Styret i historielaget er også styre for fondet.
- 3) Startkapitalen for fondet setast til 25000 kr. Endring av denne summen må godkjennast av årsmøtet. Jfr. pkt.5.
- 4) Tildeling frå fondet blir normalt gjeve ein gong i året, etter skriftleg søknad innan 1.april. Opplysning om søknad og søknadsfrist blir gjort kjent i lokalavisa. Styret kan likevel bestemme å ikkje dele ut fondsmidlar eitt eller fleire år, dersom ein finn at ingen søknad fyller krava til stønad.
- 5) Endring av vedtekten må godkjennast av årsmøtet.

Kommentarar:

- Styret må jobbe for ei oppbygging av fondskapitalen.
 - For 2014 blir fristen for å söke fondsmidler satt til 1.mai.
- Med desse kommentarane blei vedtekten godkjende.

Sauland 12.mars 2014

Torgunn Opsal (ref.)

Årsmelding 2013

Styret i 2013 har vore: Torkel Hytta (form.), Svein Bakkalia (kasserar), Torgunn Opsal (sekr.), Torunn Gjerjordet, Borghild Brennekåsa og Torkjell Tjønn.

Vararepresentantar: Torkel Gjerde og Torkild H.Mosebø.

Valgkomite: Leif Skoje, Ivar Dahl og Anne Tone Larsen.

Medlemstalet 31/12: 127.

2013 har vore eit aktivt år for historielaget. Årboka kom i år ut for tredje gong, og blei som vanleg presentert på eit godt besøkt møte på biblioteket i november. Den har fått mange gode tilbakemeldingar, og salget har også gått bra. Årbok-komiteen har vore den same som året før, men blir frå 2014 utvida med Torkjell Tjønn. På den måten vil alle tre bygdene vere representert.

Hjartdalskalenderen heldt fram som tidlegare, medlemane i den komiteen er uendra frå året før.

Årsmøtet hadde me på Menighetshuset 20. mars. Ivar Dahl var der og heldt kåseri supplert med ei rikholdig bildesamling frå Tuddal.

Me har hatt sju styremøter. I tillegg til lanseringen av årboka har me hatt tre åpne møter. Eit møte i mai var om det fyrste organiserte skirennet i Sauland i 1867, eit emne som seinare blei ein stor artikkel i årboka 2013.

I juni hadde me eit møte om den praktiske gjennomføringa omkring registrering av gamle buplassar, og i oktober på Menighetshuset med visning av siste filmen frå Suigard Bondal. Filmen var tidlegare visa på Tuddal skule 24. mars, historielaget var da arrangør saman med stiftelsen Bondal Bygdetun.

24. april arrangerte me tur til Statsarkivet på Kongsberg. Frammøtet var heller dårlig, men me som var der blei tatt svært godt imot, og fekk ein grundig omvisning og orientering om kva ein kan finne der.

Me har vidare hatt to turar til freda bygningar i kommunen, ein i Hjartdal og ein i Sauland. I Hjartdal 9.juni var me til Risvolloftet, loftet på Nedre Haugan, og til den gamle stugo på Øverbø .

I Sauland 11.sept. gjekk turen til mellomalderlofta på Nistugu og Suigard Frøland, og til sist til Kleppenstugo på Kleppen. Anne Haugen Wagn var med som omvisar på begge turane. Vellykka turar, men den til Hjartdal hadde fortent eit større publikum.

Som vanleg deltok me på Saulandsdagen i september, i år var me også med på bygdedagen i Tuddal i juli.

29.november var det fest for Halvor Sisjord på Bergtun med lansering av den nye boka hans. Historielaget sto som arrangør saman med familien Sisjord. Ein fin kveld med fullsatt hus.

Førjulsmøtet hadde me i år på Tuddal Høyfjellshotell saman med ”Kjerringkveldane”. Hallgrim Høydal kåserte om framveksten av dei gamle trehotella på 1800-talet, med spesiell omtale av Tuddal Høyfjells-hotell. Ein svært triveleg kveld som me gjerne ser kan bli ein tradisjon.

Mot slutten av fjoråret hadde me ein dialog med kultursjef Bjørn Rugaas om korleis pengar etter det opplyste Hjartdal Museumsdag burde forvaltas. Da laget blei opplyst i 2006 blei både pengar og gjenstandar gjeve til kommunen, og sidan har ca 8500 kr stått urørt på konto i Hjartdal og Gransherad Sparebank. Etter forslag frå Rugaas blei desse pengane nå overført til historielaget, men øyremerka til bruk i bygda Hjartdal.

Førebels er det ikkje bestemt noko om bruken, men fleire forslag er drøfta. Styret vil nå gå ut med opplysning om dette i bygdebladet, og opp-



*Turdeltakarar studerer
loftet på Nedre Haugan
9.juni 2013*

fordre folk i Hjartdal til å kome med forslag.

I 2013 vedtok styret å opprette eit fond for vern av kulturminner i kommunen. Forslag til vedtekter for fonnet blir tatt opp på årsmøtet 2014.

Solveig Tjønn, som døde sist haust, ga

mykje skriftleg stoff til historielaget, bl.a. ei stor samling med dikt av fattalarar frå kommunen. Me hadde ein ide om å publisere eit utvalg av dikta på ein eller annan måte. Ein tremannskomite har arbeidd med stoffet, om det kan bli eit hefte å gje ut er ennå uklart. Kanskje kan det bli eit årleg innslag i årboka?

Eigedomsskatt er som kjent innført i Hjartdal frå 2014. I august i fjor sende styret eit brev til kommunen og foreslo at freda hus skulle bli fritatt for skatt. Vi ser at dette har fått gjennomslag i utforminga av skatten. Om det er på grunn av forslaget frå historielaget veit me ikkje sikkert, det viktige likevel er at prinsippet blei vedtatt.

Registrering av gamle buplassar har lenge vore planlagt. I 2013 blei dette meir konkretisert. Det blei satt ned ei nemnd til å arbeide med det, og i slutten av juni hadde me eit ope møte om emnet på Biblioteket. Tilstades der var Ragnhild Kaste Kåsa som hadde erfaring med slik registrering i Notodden historielag, ho hadde mange gode råd å gje. Seinare på sommaren blei det gjort ein del markarbeid i Tuddal, og i mindre grad i Sauland. Dette satsar me på å gå vidare med til sommaren i alle tre bygdene.

*Sauland 6.03.2014
Torkel Hytta (formann)*

Spennande vår og haust i historielaget

Turen til Eidsvoll i juni er utan tvil høgdepunktet på historielagets vår/sommarprogram. Men vi har hatt - og har - fleire andre tilbod til medlemmene våre. Ikkje minst til hausten.

Vi har hatt to historielagskveldar der Audun Solberg viste bilde frå tidlegare kalendrar. Prat rundt gamle bilde er alltid populært og bilde vist på storskjerm der vi kan zoome i bilda, skaper stort engasjement.

Historielaget hadde i fjor to turar til freda loft og bygningar i Sauland og Hjartdal. (Sjå årsmelding s.6) Denne våren, tirsdag 27

mai, gjekk turen til Tuddal, til Bœnloftet og Greivjord Fjellgard. Vi var i alt 20 personar som blei tatt vel imot av Jon Tjønn som saman med Ivar T.Dahl hadde mykje å fortelje om det gamle loftet.

Bœnloftet er truleg det eldste huset i Tuddal og kanskje i heile Hjartdal kommune og ligg på garden Su-Bœn like ved kyrkja. Garden Bœn blei antageleg rydda så tidleg som omlag 500 f.Kr. Øvstedeilen av loftet kan vere frå 1250-talet, og svala rundt skal vere frå omkring 1700.

Det er elles knytt mange historiar og segner til dette gamle loftet, alt frå manndrap til spøkeri, men og fleire segner om lensmannen Fingar Bœn som var så snill mot småårsfolket.

På Greivjord Fjellgard blei vi mottekne av Ivar, kona Rei-



Frå turen til Greivjord

dun og dottera Sigrid, som saman med mannen Helge har overtatt garden. Greivjord er ein gamal gard frå før Svartedauden med 7 bygningar frå 1700 talet. Ein godt bevart og velstelt gard som er tildekt den prestisjetunge utmerkinga *Olavsrosa* for stor betydning for norsk kulturarv og vern gjennom bruk. Og her blei det også kaffi og kake å få, og ei koseleg stund i gamlestugo. Ivar er veldig god til å fortelje om alt gammalt. Det blei i det heile ein svært så fin kveldsstund i Tuddal.

Og altså: Søndag 22 juni reiser vi med buss til Eidsvoll! Turen er for lengst fullteikna, men det er god plass på ventelista. Det er all-

tid nokon som ikkje kan i siste lita, så ein veit aldri.

Nokre ord om planane for hausten. Det er 1814-år og historielaget reiser ikkje berre til Eidsvoll, men vil og markere jubileet med eit større arrangement i oktober der vi vil ta opp det som skjedde her hos oss og livet i bygdene våre dette året. Vi har fått Jens Johan Hyvik, førsteamanuensis i moderne historie ved Høgskulen i Telemark til å sjå nærmare på dette.

Hjartdalskoret blir truleg med, så her kan det bli songar frå denne tida og kanskje og ein matbit som heller ikkje var framand for 1814-folket. Interessant og spennande!

Svein

Meir orden i samlinga

Siste tida har det endeleg blitt alvor av å starte opprydning i historielagets samling på biblioteket i Sauland.

Det står mykje att, men nå er det fullt muleg for medlemmer flest å nytte seg av det som er å finne der. Det er grovrydding som er gjort. Det meste av stoffet er nå sortert i arkivboksar med førebels merking. Ein kan dermed plukke ut boksar som ser interessante ut og leite, bla i og studere innhaldet.

Mykje kan enda bli betre, men dette er ei god byrjing.
Still opp på ein åpen onsdagskveld og sjå kva du finn!



Eilef Deilkås (1921-2014)



Nå i mars døydde Eilef Deilkås. Han var ein kunnskapsrik og allsidig person som historielaget har hatt mykje nytte og glede av gjennom mange år. Han var medlem i mange år og trofast til å stille på arrangement, og dei siste åra har han delt med oss kunnskap om

mykje av det han har opplevd i eit langt liv. Vi har fleire timar med opptak der han fortel om mange ulike emne. Han var æresmedlem i idrettslaget og svært interessert i jakt og friluftsliv. Motstandsarbeidet under krigen deltok han også i, og mykje meir. Historielaget skal nok formidle mykje av dette vidare i framtida.



Har du noko liggande?

Historielaget er svært interessert dersom du har noko av interesse du kan tenke deg å dele med oss. Det kan vere gamle bilde, skriftleg materiale, gamle møteprotokollar, brev av allmenn interesse osv. Vi avfotograferer og kopierer. Originalane kan du gjerne behalde sjølv.

www.hjartdalhistorielag.no

Hjartdal historielag var noko av det første frå hjartdalsbygde- ne som var å finne på internett. Dei første forsøka var synlege alt i 1997.

Etter det har aktiviteten gått opp og ned, men sidene har alltid vore der og litt nytt har komme etterkvart.

Dei siste åra har behovet for fornying og særleg opprydding trengt seg fram, og nå er endeleg dette gjort.

Ein vil sjå at formen er annleis enn før, og bak ligg ein heilt annan teknologi, bygd meir på ferdige malar. Dette gjer det mykje enklare for brukarar og gjester å delta med kommentarar og blogginnlegg.

Det ein forhåpentlegvis vil merke som stor forskjell er at det oftare vil komme nytt og aktuelt stoff under menypunktet aktuelt eller blogg. Her vil styret og aktive medlemmer kunne delta med det som til kvar tid kan interessere gjester på sidene. Her er også muligheter til å kommentere for alle.

Dessutan finst det nå ei gjestebok der alle kan delta med kommentarar og innspel, eller helsingar.

Nyttige opplysningar ligg nå fast i ei spalte på høgre side. Her finn du navn på styremedlemmer, telefonnummer, vedtekter osv.



1814 sett frå Hjartdal

Vi markerer nå i 2014 200-års-jubileum for det viktigaste året i Norges historie. Lokalhistorisk er det ikkje så mykje ein kan gjere ut av 1814, men litt er det.

Men først noko bakgrunnsstoff: Den danske kronprinsen, Christian Frederik, hadde komme til Norge i 1813 som statthaldar og potensiell konge, for å ta seg av Norges interesser - eller danskekongens interesser (derom har dei lærde vore i strid i alle desse 200 åra). Når fredsavtalen i Kiel blir underskriven i januar 1814 får svenskane ved tronarvingen og krigsherren Karl Johan lovnad på Norge nærmast som krigsbytte. Danmark hadde valgt feil side i Napoleonskrigane siste fase og sto nå på den tapande Napoleons side.

Christian Frederik var tronarving i Danmark og etter til danskekongen Frederik VI, og begge hadde som mål å hindre svensk maktovertaking i Norge. Om Norge skulle gå tapt for danskekongen, var det betre med eit sjølvstendig Norge enn at det skulle vere styrt av Sverige.

Kronprinsen var visstnok ein storsjarmør, men også med skjønn for politikk og med eit visst demo-


kratisk sinnelag. I alle fall skjøna han etter litt påtrykk at skulle han bli norsk konge, måtte han ha ei viss støtte i det norske folk. Tida var over for at ein konge kunne påberope seg å få krona direkte frå Gud.

Etter ei reise til Trondheim for å gjøre seg kjend i landet og med ein del av folket, samla han ein del viktige menn på Eidsvoll den 16.februar til eit slags taktikkmøte. Etter dette såkalla notabilitetsmøtet – eller stormannsmøtet, gjekk det ut pålegg til alle landets prestegjeld om å foreta seg to ting ved ei gudsteneste så snart som mulig:

1) Prestane skulle sjå til at kyrkjelydane skulle sverge på at dei ville forsvare norges rike og

2) Det skulle utnemnast valgmenn som deretter skulle komme saman fylkesvis (amtsvis) for å velge utsendingar til ei grunnlovgjevande forsamling.

Prinsen hadde ikkje mykje tid på seg. Karl Johan ville på ingen måte at nordmenn, og i alle fall ikkje ein dansk prins skulle ta seg av å nyordne Norge. Nå var heller ikkje Karl Johan utan syn for mo-



derne demokratiske tankar, han kom jo frå revolusjonslandet Frankrike. Men skulle nordmennene ha eiga grunnlov, skulle i alle fall Sverige og han sjølv legge premissane.

At Christian Frederik i det heile såg det aktuelt å bli norsk konge våren 1814 hadde sin grunn i at Karl Johan var opptatt med siste

innsats for å sette Napoleon på plass – langt nede i Europa. Dette gav det pusterommet som nå Christian Frederik og notabilitetane på Eidsvold kunne nytte seg av. Dermed gjekk “rundskrivet” ut til sogneprestane, og i løpet av februar og mars greidde dei fleste å gjennomføre pålegget. I Nord-Norge var det sjølvsagt umuleg å

få til dette i tide, derfor rakk heller ikkje nokon derifrå fram til Eidsvollforsamlinga.

Så er vi framme ved den vesle lokalhistoriske biten av dette store politiske dramaet.

Ved litt søking i digitalarkivet/arkivverket etter Hjartdal og 1814 finn vi først eit fint gammalt dokument med nokre få liner gotisk handskriven tekst og 12 ærverdige raude lakksegl under. Av dokumentet som er datert fredag den 18.mars 1814 går det fram:

At Sognepræsten Johannes Henric Lind og Odels-Bonden Gundelic Olsen Bolkeskiøe, af Hjer-dahls Prästegields samtlige Al-mue ere udnævnte til at være paa Menighedens Vegne de tvende Valgmænd ved Mødet paa Fossum Jern-Værk den 23de Marti 1814.

Og under dette har 12 av bygdas viktige personar attestert at alt har gått rett for seg:

Hjartdal var hovudsognet, og valgkyrkja blei sjølvsagt den heilt nye hjartdalkyrkja som byggmeisteren Halvor Høgkasen hadde overlevert kyrkjelyden i 1812.

At presten var den eine “utnævnte” var nok sjølvsagt i mange bygder. I tillegg valde hjartdølane storbonden på Bolkesjø. Gransherad med Bolkesjø-

grenda høyrd jo til Hjartdal prestegeld fram til 1859. Bonden på Bolkesjø blei også den første ordføraren i Hjartdal kommune noko seinare. Dessutan var det etter reglane at minst ein bonde skulle velgast.

Det var hastverk, for alt onsdagen etter måtte dei to innfinne seg på Fossum jernverk ved Skien saman med utsendingar frå dei andre bygdene i Bratsberg amt for å velge utsendingar til Eidsvollforsamlinga. Dei er dermed i gang med det første offentlege valget i Norges historie.

Korleis opplevde så hjartdølane dette? Her har vi dårleg med lokale kjelder. Vi må bare tenke oss til ut frå kva vi elles veit om denne tida. Kunnskapsnivået var ikkje høgt hos folk flest, men nokre av bondene følgde nok med ein del. Vi veit frå andre kantar at sjølve eidsavlegginga kom helit bardus på mange i kyrkjelyden. Dette var ikkje småtteri når eiden var formulert slik: *Sverger dere å hevde Norges selvstendighet og å våge liv og blod for det elskede Fedreland?* Svaret skulle vere: *Det sverger vi, så sant hjelpe oss Gud og hans hellige ord.*

Valget må ha vore gjennomført etter dette. Ein kan også legge

merke til at dette skjedde på ein fredag, og ikkje i samband med ei sundagsgudsteneste. Møtet, den såkalla bededagen, var jo spesielt pålagt prestane.

Og så må vi hugse på at folk i Hjartdalsbygdene som elles i landet var heilt utsulta og nedkjørt i desse åra. Ikkje bare på grunn av krigen og at “engelske kryssere stengte hver havn” som det står i ”Terje Vigen”. 1812 var dei verste uåret vi kjenner til i Norges historie. Det var rein hungersnaud og

folk hadde døydd i hopetal, av svolt, eller sjukdomar som følge av næringsmangel. Brød blei baka av knust bark i så stort omfang at det faktisk gjekk utover skogen i tiår etter, er det fortalt.

Dette er del av ein større artikkel du finn på hjartdalhistorielag.no under aktuelt. Her får du m.a. vite korleis valget på Fossum gjekk.

Den endelege artikkelen vil komme i Årboka 2014.

Dette offisielle skiltet og ein kopi av valgdokumentet er gjeve til hjartdalskyrkja ved ei markering ved Hjartdal historielag i samband med gudstenesta 17.mai.



Treng du pengar til kulturminnevern?

Som ein ser av årsmøtereferatet har styret oppretta eit fond for kulturminnevern i kommunen. Fondet er på 25000 kr og er tenkt bruk som ei handsrekning til personar i kommunen som vil bevare ulike former for kulturminne. Vi tenker å dele ut av desse pengane etter søknad.

Neste frist er 1.april 2015, så nå er det tid til å planlegge det ein måtte ha av idear til slike tiltak.

Søknad må vere skriftleg og skal sendast til Hjartdal historielag ved formannen. Om det er spørsmål kan han kontaktast på tlf.: 97535468 eller svein.bakkalia@online.no

Bli medlem av *Hjartdal historielag*


Dette bladet prøver vi å få ut til alle husstandar i hjartdalsbygdene. Tanken er sjølvsagt at vi ynskjer å auke medlemstalet. Med bladet følger bankgiro for innbetaling av medlemskontingent for 2014.

Nye og gamle medlemmer får årboka for 2014 gratis. Dette er eit svært godt tilbod som du gjerne må gjere kjent for andre i og utanfor bygdene. Nye medlemmer får i tillegg årboka for 2013, eller ei annan av dei eldre bøkene gratis ved innmelding - så langt lageret rekk.

Det er ingen plikter ved medlemskapen, derimot får ein tilbod om å delta på lagets arrangement, turar mv.

Ver nøy med å skrive namnet ditt på giroen om du betaler i banken, eller i feltet for melding til mottakar dersom du brukar nettbank, elles veit vi ikkje kven som har betalt.

Spørsmål om innmelding kan rettast til Svein Bakkalia Tlf.:97535468



HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje
Tlf.: 48237883 skoje@online.no

<http://www.hjartdalhistorielag.no>
Hjartdal og Gransherad sparebank 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*